



Selma Eik er viljug til å ta attval under årsmøtet i helselaget 26. februar sjølv om ho har ei årrekkje som leiar bak seg. Her står ho ovafor Rosendalstunet, som også har fått midlar frå Uskedalslaget gjennom åra. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein svært aktiv 90-åring frå Uskedalen presenterer seg med stand under den store frivilligdagen som Kvinnherad Frivilligsentral arrangerer laurdag 10. februar på Husnes. Dagen inngår i Kvinnherad kulturfestival 2007 og deltakaren heiter Uskedal helselag!

- Det er første gongen vi på denne måten viser kva vi driv med, seier leiar Selma Eik til uskedalen.no. Det var utpå vårparten i 1917 laget vart stifta, men jubileet skal ikkje markerast på nokon spesiell måte.

- På Husnes kjem vi i helselaget til å presentera laget både skriftleg og munnleg. Vi gjer det ikkje på moderne og datateknologisk vis, vi held oss til brosjyrar og plakatar, seier Selma.

- Ikkje minst er det viktig å streka under at helselaget i bygda inngår i ein stor organisasjon som heiter Nasjonalforeningen. Laget er eitt av 750 helselag med over 50.000 medlemmer som gjer ein stor innsats for folkehelsa i norske lokalmiljø, Til dømes har det i over 50 år vore den største bidragsytaren til hjarteforskninga her i landet.

- Kor mange frå helselaget stiller opp på Husnes?

- Fire-fem er plukka ut, men kven som helst kan slutta seg til oss og gjera ein innsats.

Apropos innsats: Vi i helselaga er ikkje minst forplikta til å selja hjartelodd og samla inn pengar til demensaksjonen.

Ellers går pengane vi får inn til ymse føremål. Hjartesykkdommar, kreft og tuberkulose står øverst på lista. Lag og institusjonar har fått mykje gjennom åra og geografisk har vi slett ikkje konsentrert oss berre om Uskedalen men spreidd oss langt utover eiga bygd. Til dømes har Rosendalstunet vorte tilgodesett. Men der har det jo også gjennom åra vore mange frå Uskedalen, påpeikar Selma.

Helselaget får ei svært travel tid no utover vinteren.

Måndag skal det haldast lag- og regionmøte på AFA. Dette er eit årleg treff, med deltaking av alle helselag i Kvinnherad. Både fylkesleiar Ingebjørn Widding frå Grimo og sekretær Ingvill Tjønn Hansen frå Bergen kjem til møtet.

Onsdag 21. februar blir det to timer fotpleie, Dette tilbodet kjem att kvar sjette veke og ein må bestilla på førehand.

Årsmøtet skal haldast måndag 26. februar og både Selma og dei andre i styret som er på val er heldigvis viljuge til å ta ei ny økt i leiinga.

12. mars skal den tradisjonelle basaren i Helgheimskjellaren haldast.

- Og så er det i gang eit røykavvenningskurs i regi av Nasjonalforeningen....
- Jau, og det er svært positivt at fem av dei 14 deltakarane kjem frå Uskedalen!

Av Ola Matti Mathisen